



14.3.2012

## PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNING** torsdag 8. mars 2012,  
kl. 14.15 - 16.00, seminarrom 353, HF-bygget.

Til stades:	Leiar	Anne-Brit Fenner
	IF	Tor Jan Ropeid
	AHKR	Christian Sæle
	LLE	Heming Gujord
	Visedekan for undervisning	Jan Oldervoll (observatør)
	Frå administrasjonen	Silje Anette Lindgren (sekretær)
Ikkje møtt:	Studentrepresentant, IL	Randi Ødegård
	Frå administrasjonen	Hilde Hjertager Lund (observatør)

<b>I</b>	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
	Éi sak blei lagt til under eventuelt: Undervisningsfaktor
<b>II</b>	<b>Godkjenning av protokoll frå møtet 31.1.12</b>
	Protokollen blei godkjent utan merknader.
<b>III</b>	<b>Orienteringssaker</b>
	<b>1. Møte i Programstyret 20. februar 2012</b> Jan Oldervoll orienterte. S04/12 Opptak til PPU en gang per år – etter innspill fra fakultetene Fakulteta var ganske samstemte i tilbakemeldingane som gjaldt opptak til PPU éin gong per år, men det blei likevel diskusjon i møtet. PUHF reagerer på følgjande del av det foreløpige vedtaket frå Programstyret: "I tillegg anbefaler programstyret en overgangsordning der studenter kan bli tatt opp til PPU på våren, men må ta emne i omvendt rekkefølge." Vedtaket i Programstyret er fatta på andre premisser enn dei fakulteta kom med tilbakemeldingar ut frå. Eit viktig argument for opptak éin gong per år forsvinn når ein opnar for oppstart i vårsemesteret. Med tanke på fagleg progresjon, er det ikkje haldbart at studentane skal ta studiet i omvendt rekkefølge.
	<b>2. Nasjonal konferanse om rammeplanarbeid for lærarutdanning trinn 8-13 i Oslo 14. februar 2012</b> Heming Gujord orienterte. Alle rammeplanutvala la fram forslaga sine til forskrifter. For UiB var det orienteringa om IL og PPU som var mest interessant. I etterkant av presentasjonane var det lagt opp til verdskafé, der ulike tema knytt til rammeplanen blei diskutert. Utvalsrepresentantane var lydhøyre for innspela som kom og interesserte i motargument. Blant anna gjaldt det punktet om at ein vurderer minimum 135 studiepoeng i fag 1, samtidig som hovudfokuset på IL skal ligge på fagleg fordjuping. Ein oppfatta at rammeplanutvalet var ute etter å styrke faga, men mange var skeptiske til eit C-krav på master. Når det gjaldt PPU, var det mange som protesterte på at ein skal ha master som opptakskrav. Elles er praksis noko som framleis blir diskutert i

rammeplanutvalet. Det blei elles presisert at utvalet har egne rutinar for å ta imot innspel.

### **3. Invitasjon til praksislærarar om gjesteforelesingar m.m.**

Silje Anette Lindgren orienterte.

SV har med bakgrunn i ønske frå øvingslærarane på partnerskulane begynt å sende ut eit månadleg nyheitsbrev til lærarane i samfunnsfag. I nyheitsbrevet blir det informert om arrangement (gjesteforelesingar m.m.) som kan vere av interesse for desse. Dette er òg noko ein kan gjere ved HF.

### **4. Brev frå Det humanistiske fakultet til Programstyret om opptak til PPU éin gong per år (S12/2, møte i PUHF 31. januar 2012)**

Både PUHF og involverte institutt har uttalt seg om saka, og tilbakemelding frå Det humanistiske fakultet til Programstyret blei sendt 13.2.2012.

### **5. Driftsmidlar til PUHF**

PUHF har fått tildelt 50 000 kr i driftsmidlar for 2012.

### **6. Fellesmøte for programsensorar på lærarutdanninga ved UiB 6. og 7. juni 2012**

Programsensorane som er knytte til lærarutdanninga ved UiB, skal ha eit fellesmøte i Bergen 6. og 7. juni 2012.

### **7. Brev frå Programstyret om faglunsj**

Programstyret tilrår at det blir arrangert ein felles faglunsj for tilsette i lærarutdanninga to gonger per semester, for å betre samarbeid og integrasjon. Programstyret dekkjer utgifter til lunsj, men ansvaret for arrangementet skal gå på omgang mellom fakulteta.

### **8. Om faglunsj 20. februar 2012**

Anne-Brit Fenner orienterte.

Faglunsjen 20. februar 2012 blei arrangert av Det psykologiske fakultet. Kari Smith innleidde lunsjen med eit innlegg om ny nasjonal rammeplan for IL og PPU, og dette var òg tema for diskusjonen i etterkant. Leiar for PUHF ser på faglunsjen som eit godt tiltak og ein fin møtearena, og vil oppmode tilsette ved HF om å møte på desse. På den første faglunsjen var det berre éin tilsett frå HF som møtte.

### **9. Brev frå Programstyret om tverrfakultært samarbeid og felles arbeidssamling**

Programstyret vil arrangere eit heildagsseminar for fagdidaktikarar og pedagogar, der dei får høve til å utarbeide eit felles opplegg for skuleerfaringa på 5. semester. Seminaret er lagt til 24. og 25. mai 2012.

### **10. Svar frå Praksisutvalet, som gjeld S11/23 (møte i PUHF 15. september 2011)**

Praksisutvalet vil på komande møte behandle dei problemstillingane som PUHF peikar på i forhold til faglege prinsipp for praksisutplassering og organisering av praksisbesøk.

IV	Saker
<b><u>S12/5</u></b>	<p><b>Programsamling for studentane på MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO våren 2012</b></p> <p>Vedtak: Randi Ødegård, Christian Sæle og Silje Anette Lindgren har ansvar for å arrangere programsamlinga for studentane på MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO våren 2012.</p>
<b><u>S12/6</u></b>	<p><b>Endringar i studieplanen for MAHF-LÆFR</b></p> <p>PUHF hadde éin merknad til endringane i studieplanen for MAHF-LÆFR: I avsnittet om undervisningsspråk var følgjande formulering foreslått: "Undervisninga i fag I (engelsk, fransk eller tysk) vil vere på det aktuelle språket. For alle andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen." Dette vil PUHF ha endra til: "Undervisninga i fag I (engelsk, fransk eller tysk) vil oftast vere på det aktuelle språket, men kan også vere på norsk. For alle andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen."</p> <p>Vedtak: Endringane i studieplanen for MAHF-LÆFR blir godkjente, og oppdatert studieplan sendast over til Det humanistiske fakultet.</p>
<b><u>S12/7</u></b>	<p><b>Endringar i studieplanen for MAHF-LÆNO</b></p> <p>PUHF hadde ingen merknader til endringane i studieplanen for MAHF-LÆNO.</p> <p>Vedtak: Endringane i studieplanen for MAHF-LÆNO blir godkjente, og oppdatert studieplan sendast over til Det humanistiske fakultet.</p>
<b><u>S12/8</u></b>	<p><b>Prioriterte område for programsensor</b></p> <p>Vedtak: PUHF ønskjer at det er skuleerfaring og praksisperiodar, deira innhald og verdi i forhold til undervisninga på campus, som skal prioriterast i 2012.</p>
<b><u>S12/9</u></b>	<p><b>Ny nasjonal rammeplan</b></p> <p>I etterkant av møtet 29. februar 2012, blei det forfatta eit skriv med merknader til utkasta til nye rammeplanar for IL og PPU. Skrivet blei ettersendt som vedlegg til S12/9, og det var dette skrivet PUHF diskuterte i møtet 8. mars 2012. Det blei gjort nokre få justeringar i skrivet. Medlemmane av PUHF var einige om at merknadene skulle formidlast til Rammeplanutvalet.</p> <p>Vedtak: Merknadene sendast til Rammeplanutvalet og som kopi til Programstyret for adjunkt- og lektorutdanning, Det humanistiske fakultet, og dessutan lærarutdannarar på SV- og MN-fakulteta.</p>

<b>V</b>	<b>EVENTUELT</b> Det var éi sak under eventuelt: Undervisningsfaktor Det har kome fram at institutta ved HF opererer med ulike faktorar for skulebesøk. PUHF vil ta opp igjen saka og drøfte ho vidare på møtet 17. april 2012.			
		Anne-Brit Fenner		
				Silje Anette Lindgren